



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
18.04.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/3386 733.1
Dykkar referanse

Likelydande til:

Eid fjord kommune
Bømlo kommune
Granvin herad
Masfjorden kommune
Radøy kommune
Ulvik herad

Miljøstatus i barnehagane

Fylkesmannen viser til kartlegginga av miljøstatus i barnehagane som TNS Gallup gjorde på vegne av Helsedirektoratet hausten 2015. Føremålet var å få ei samla oversikt over tilhøva.

Hovudkonklusjonen er at det er eit klart behov for styrking og forbetring av tilsynet med barnehagane og at berre halvparten av barnehagane blir drivne etter ein forpliktande vedlikehaldsplan.

Helsedirektoratet har bedt om at fylkesmennene følgjer opp funn i kartlegginga. Rapporten frå direktoratet er vedlagt.

Det går fram av svar på kartlegginga at det siste tre år ikkje er ført tilsyn med barnehagane i kommunane Eid fjord, Granvin, Masfjorden, Radøy og Ulvik. Bømlo kommune har ført tilsyn med barnehagane. I følgje kartlegginga har barnehagane internkontrollsysteem, men på spørsmålet om dei har ein forpliktande vedlikehaldsplan er det i mange tilfelle svara «veit ikkje» eller «nei».

Innan 20. mai 2016 ber vi om tilbakemelding om opplysningane som er omtalt ovanfor om tilsyn og vedlikehaldsplan, er rett, eventuelt om det er ført tilsyn med barnhagane etter at kommunen sende sitt svar til TNS Gallup.

Om vedlikehaldsplan

Helsedirektoratet fortolkar folkehelselova med forskrifter. I rettleiaren «[Miljø og helse i barnehagen](#)», IS-2012, er det gjort ei presisering av krava til vedlikehald etter forskrifta § 7, vedlikehaldsplan etter § 6 og krav til reinhald og vedlikehald etter § 13. Helsedirektoratet legg til grunn at vedteken vedlikehaldsplan skal liggje føre ved godkjenning. Verksemder som manglar vedlikehaldsplan kan etter dette gjevest avvik ved tilsyn.

I rundskriv I-1/2012 *Om godkjenning av barnehager og skoler etter regelverket for miljørettet helsevern* gjorde Helse- og omsorgsdepartementet det klart at barnehagar og skular som ikkje oppfyller krav i forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, ikkje skal vere godkjent. Dersom det ved kommunens tilsyn med ein barnehage blir funne brot på krav i forskrifter som har konsekvensar for godkjenninga, bør det sendast førehandsvarsle om bortfall av godkjenning. Ved ny søknad om godkjenning bør vedteken vedlikehaldsplan leggjast fram, jf. krav til dokumentasjon i § 6.

På bakgrunn av svar på kartlegginga har vi bedt om tilleggsopplysningar frå dei fleste kommunane i fylket. Vi tek sikte på å informere Helsedirektoratet om resultatet innan 1. juli 2016.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Kartlegging av miljøstatus i landets barnehager i 2015, rapport IS-2447 frå Helsedirektoratet